

Invitasjon til næringslivet i Modalen om deltaking i årets TV-Aksjon – Saman reddar me liv.

Kva om du eller barnet ditt vart alvorleg sjuk, men ingen tok telefonen då du ringte 113? Kva om legen sa det fins medisinar som kan redde deg eller borna dine, men me har ikkje råd til dei?

Akkurat no er det mange mennesker som ventar på å bli behandla av lege, men ingen ser dei. For mange står det om livet, kanskje pga ein harmlaus sjukdom. Dei sit ikkje på noko venterom og dei har ikkje kølapp.

TV-Aksjonen 2022 samlar inn pengar til organisasjonen, Leger Uten Grenser. Inntekta skal bidra til å førebyggje epidemiar og behandle menneske som vert ramma av kjente og ukjente sjukdomar i fire land: *Bangladesh, Den sentralafrikanske republikk, Den demokratiske republikken Kongo og Sierra Leone*. Mange av sjukdomane har namn som du kanskje ikkje har høyrte om og dei rammar folk i land som du sjeldan les om.

Har du og di bedrift lyst til å være med å endre dette og gje nokre mennesker i verda nytt håp? Då skal eg hjelpe dykk til å være med på det.

Oppskrifta er som følgjer:

Frå Steinsland til Mo er det 23,6 km med fylkesveg og denne strekninga planlegg eg å gå, **torsdag 22.september** med start på snuplassen på Steinsland, sånn ca kl 0900. Tanken min er at det skal koste ei kilometeravgift å gå denne turen. Eg vil sjølv bidra med **50kr/km** frå eiga lomme og oppfordrar difor dykk å setje ein pris pr. km som de ynskjer å bidra med. Det ikkje nøye om summen er 10kr, eller 1000 kr/km. Understrekar at det er heilt frivillig å bidra.

Om de vert med på dette kan beløpet registrerast på: [Næringsliv | Blimed – TV-aksjonen NRK 2022](#)

Har de spørsmål ring meg på 476 35 709, eller e-post: kjetil.eikefet@modalen.kommune.no

På førehand takk.

Og om nokon ynskjer å gå i lag med meg er det lov. Treng ikkje gå heile strekninga.

Mvh

Kjetil Eikefet

Ordfører

